

## Errata

### «Mye tøv du skriv». Språklege og semiotiske ressursar i politisk CMC

#### Bakgrunn

På side 30 av masteroppgåva går det fram at variablane ortografisk avvik, dialekttrekk og piktogram ikkje stenger for kvarandre, slik at ei ytring kan høyre til i ein, to eller alle tre av desse kategoriane. Materialet ( $N=1949$ ) er koda i tråd med denne presiseringa, med dei resultata som er presenterte og diskuterte i kapittel 4 og 5 av oppgåva. **Dei følgande korrekjonane endrar ikkje på hovudresultata som kjem fram i tabellane 2-13 eller analysen av dei.**

Fordi det *kan vere overlapp* mellom variablane, kan ein ikkje summere verdiane i eit kakediagram slik det er gjort på side 38. Eit slikt diagram summerer seg opp til 100 prosent *utan overlapp*. Då kjem det ut ein kategori på 25 prosent (482) av ytringane utan nokon av dei tre trekka i undersøkinga. Dette talet er feil, og ein kan først finne det korrekte talet når ein veit kor mange av ytringane som kombinerer to eller tre av variablane. Dette er berekna etter at masteroppgåva blei publisert:

- 47,3 prosent (922) av ytringane har utslag på berre ein av dei tre variablane, altså er dei *berre* ei ytring med ortografiske avvik, *eller* ei ytring med dialekt *eller* ei ytring med piktogram.
- 12,2 prosent (237) av ytringane kombinerer to av dei tre variablane.
- 1,2 prosent (24) av ytringane kombinerer alle dei tre variablane, altså er dei *både* ei ytring med ortografiske avvik, *og* ei ytring med dialekt *og* ei ytring med piktogram.

Slik går det fram at 39 prosent (766) av ytringane har verken ortografiske avvik, dialekt eller piktogram.

#### Korreksjonar

*Endringane er understreka i den originale og den redigerte versjonen*

Side 30:


I materialet mitt gjeld det 482 ytringar.

Redigert: I materialet mitt gjeld det 766 ytringar.

Side 38 (ny figur 6):

Figur 6: Språklege og semiotiske ressursar på «Nordnorsk debatt».

Kategoriane stenger ikkje av for kvarandre, slik at ei ytring kan høyre til ein, to eller tre av dei.



Side 53:

\*\*\* Inkluderer dei 482 ytringane utan dialekt, ortografiske avvik eller pictogram.

Redigert: \*\*\* Inkluderer dei 766 ytringane utan dialekt, ortografiske avvik eller pictogram.

Side 54:

\*\*\* Inkluderer dei 482 ytringane utan dialekt, ortografiske avvik eller pictogram.

Redigert: \*\*\* Inkluderer dei 766 ytringane utan dialekt, ortografiske avvik eller pictogram.

Side 55:

75 prosent av ytringane har minst eitt innslag av slike ressursar. Dermed skriv språkbrukarane heilt etter ein av dei to rettskrivingsnormalane i berre 25 prosent av ytringane.

Redigert: 61 prosent av ytringane har minst eitt innslag av slike ressursar. Dermed skriv språkbrukarane heilt etter ein av dei to rettskrivingsnormalane i 39 prosent av ytringane.

Side 86:

Berre 25 prosent av ytringane i materialet har språk som er heilt i tråd med ein av dei to norske rettskrivingsnormalane. 75 prosent av ytringane har minst eit av dei tre trekka som denne undersøkinga har leitt etter: Ortografiske avvik, dialektinnslag og pictogram.

Redigert: 39 prosent av ytringane i materialet har språk som er heilt i tråd med ein av dei to norske rettskrivingsnormalane. 61 prosent av ytringane har minst eit av dei tre trekka som denne undersøkinga har leitt etter: Ortografiske avvik, dialektinnslag og pictogram.

Heilt til slutt seier eg takk til fagfellene Edit Bugge og Malene Monka for spørsmåla på SONE-konferansen 2021 som gav lys over dette.

Geir Bakkevoll, Tromsø 20. juli 2021